

Månad: april 2023

AKTIVITET

Medisinsk klinikk	Denne perioden					Til no i år				
	Faktisk	Plan	Avvik	I fjor	Avvik	Faktisk	Plan	Avvik	I fjor	Avvik
DRG-poeng dag/døgn, A	912	888	24	926	-14	3 694	3 663	31	3 475	219
DRG-poeng poliklinikk, A	197	236	-39	221	-24	997	992	5	959	38
DRG-poeng H-resept, A	125	149	-24	116	10	1 141	1 082	59	1 110	31
DRG-poeng andre regionar, B	11	13	-2	14	-4	38	51	-13	48	-10
SUM DRG-poeng produsert (A+B)	1 245	1 286	-41	1 277	-33	5 870	5 789	81	5 593	277
DRG-poeng behandla ved Feiring, C	3	2	0	0	3	8	7	1	5	3
SUM DRG-grunnlag ISF-inntekt (A+C)	1 237	1 275	-38	1 263	-26	5 840	5 745	96	5 550	290
Tal dagbehandling	741	783	-42	734	7	3 178	3 218	-40	3 226	-48
Tal heildøgnsopphald	768	800	-32	794	-26	3 149	3 300	-151	3 031	118
Tal ISF - polikliniske konsultasjonar	4 255	4 665	-410	4 215	40	21 095	19 592	1 503	19 350	1 745
Tal interne polikliniske konsultasjonar	502	670	-168	670	-168	2 674	3 160	-486	3 160	-486

DRG-poeng

Hittil i år har klinikken produsert 81 fleire DRG-poeng innanfor dag/døgn/poliklinikk enn planlagt. I april var aktiviteten noko lågare enn budsjettert. Medisinsk klinikk har ein høg andel øyeblikkeleg hjelp (ØH)-pasientar, så aktiviteten er venta å variere noko mellom månader og år.

Dagbehandling

Tall dagpasienter er om lag som budsjettert. Etter fire månader er det 40 færre enn budsjettert og 48 færre enn i 2022.

Heildøgn

Etter dei fire fyrste månadene har klinikken hatt 151 færre heildøgnsopphald enn budsjettert. Samanlikna med same periode i 2022 har klinikken hatt 118 fleire heildøgnsopphald.

Poliklinikk

Tall polikliniske konsultasjonar er hittil i år 1503 fleire enn budsjettert og 1745 fleire enn same periode i fjor. Auken i aktivitet er spreidd på fleire avdelingar, men nevrologisk poliklinikk har hatt ein særskilt stor auke på rundt 700 konsultasjonar.

ØKONOMI

Artskonto		Regnskap	Budsjett	Avvik	Regnskap Hittil	Budsjett Hittil	Avvik Hittil	Årsbudsjett
☒ Pasientrelatert inntekt	HV031.1	31 559	32 423	-864	145 604	144 330	1 274	412 640
☒ Basistilskudd	HV031.2	56 085	56 134	-50	209 118	209 051	67	626 352
☒ Andre inntekter	HV031.3	618	771	-153	3 307	3 082	224	9 251
☒ Sum Driftsinntekter	HV031	88 261	89 328	-1 067	358 028	356 463	1 565	1 048 243
☒ Varekostnader og Helsetjenester	HV032.1	-23 815	-20 635	-3 179	-93 525	-84 499	-9 026	-250 041
☒ Lønn- og personalkostnader	HV032.2	-66 407	-63 812	-2 595	-265 613	-252 427	-13 186	-739 591
☒ Øvrige kostnader	HV032.3	-5 080	-4 881	-198	-22 338	-19 537	-2 802	-58 610
☒ Sum Driftskostnad	HV032	-95 301	-89 328	-5 973	-381 477	-356 463	-25 014	-1 048 243
☒ Driftsresultat	HV033	-7 040	0	-7 040	-23 448	0	-23 448	0
☒ Totalresultat	HV03	-7 040	0	-7 040	-23 448	0	-23 448	0


Pasientrelaterte inntekter omfattar, i tillegg til inntekter frå pasientar, inntekter frå laboratoria (mikrobiologi, patologi og klinisk-kjemisk lab.) og radiologi. I april var samla inntekt 1,1 millionar kroner bak budsjett. Hittil i år er avviket positivt med 1,6 millionar kroner.

Varekostnader og øvrige kostnader er samla 3,4 millionar kroner bak budsjett denne månaden. Størst meirforbruk var innanfor kreftmedikament og behandlingshjelpemiddel. Hittil i år er avviket knytt til varekostnader på 9,0 millionar kroner.

Løns- og personalkostnader har eit samla avvik på 2,6 millionar kroner i april, hittil i år er avviket på 13,2 millionar kroner.


PERSONELL

Medarbeidarar



Brutto og netto månadsverk har gått noko ned samanlikna med førre månad og april 2022.

Sjukefråvær



Sjukefråværet i mars har gått noko ned samanlikna med tidlegare månader. I mars 2022 var det eit høgt korttidssjukefråvær grunna covid-19 og andre infeksjonssjukdommar.

KVALITET

Epikrise

Klinikkvise tal for april var ikkje klare då rapporten vart utarbeidd.


Korridorpasientar

Medisinsk klinikk	Denne periode			Til no i år		
	i år	i fjor	avvik	i år	i fjor	avvik
Barn sengepost Førde	0	0	0	0	0	0
Kreft sengepost	4	4	0	10	25	-15
Medisinsk sengepost Førde	13	22	-9	39	162	-123
Medisinsk sengepost Lærdal	0	0	0	1	4	-3
Medisinsk sengepost Nordfjord	0	0	0	2	1	1
Nevro/revma/rehab Førde	0	0	0	0	2	-2
Sum	17	26	-9	52	194	-142

Medisinsk klinikk hadde i alt 17 korridorpasientar i april, hittil i år er talet 52. Dette er færre korridorpasientar enn på same tid i fjor.


VENTELISTE - FRISTBROT

Ventetid for ventande ved periodens slutt



Gjennomsnittleg ventetid for ventande har samla gått ned frå 60 til 47 dei siste månadene, men auka igjen til 54 i april pga. påskeferien. Tal ventande pasientar er redusert med vel 200 sidan januar.

Ventetid for ventande der behandling er starta i perioden



Gjennomsnittleg ventetid for pasientar som har fått starta behandling i perioden, var 60 dagar i april. Trenden har vore fallande dei seinare månadene.

Ventelister – Fristbrot

Eining med fristbrot i perioden	For ventande ved periodeslutt	
	Pasientar	I prosent
Indremedisinsk avdeling	21	3 %
Samhandling og Tverrprofesjonelle tenester	2	4 %
Kreftavdeling	0	0 %
Nevrologisk poliklinikk	11	3 %
Barneavdeling	3	2 %
Hudavdeling	51	9 %
Sum	88	4 %

Klinikken hadde 88 fristbrot for ventande ved periodeslutt. Det er særleg hudavdelinga som no opplever fleire fristbrot. I april er det fagområda hud og nevrologi som har meldt fristbrot pasientar til Helfo, slik at desse får tilbod hjå andre helseføretak eller private.